




*Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer tonen fra himlen i sjelens glade pilgrimssang. (NS nr. 56)*

Nr. 4

65. årgang

Julen 2024



Eit bilete å feste håpet til

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i», song ein stor himmelhær over verda julenatt, og over det vesle barnet i krubba.

«Å sjå det store i det små» har vorte eit uttrykk for oss, på mange måtar ein klisjé. Men klisjéar held ofte ei sanning. Og er det noko eg har vorte mint på når eg har reist i heile bispedømmet, er det nettopp å sjå det store i det små. I møte

med menneske sine liv og lengsler, og behov for tryggleik og fellesskap lokalt, rører vi ved liv, lengsler og behov i verda. I møte med sørgjande som har mist ein av sine kjære, eller i møte med nybakte foreldre, vekkast kjærleiken og omsorga som er universell. Granskar vi mikroorganismar i naturen, eller gler oss over ei bie eller ein blome, får vi samstundes ein glimt av universets mysterium og heile det uendelege kosmos. Eg har lært å sjå det store i det små, fordi Gud kom til verda i eit lite barn. Fordi Gud let seg fødest til jorda. Ordet som

vart menneske. Kan du sjå det store i det små?

Ordet skapa lyset den morgonen. Gud sa: «Det skal bli lys!» Og det vart lys! Dette Ordet blir fødd på ny og blir lys som skin i mørkeret, ja, som skin for kvart menneske. Slik opnar evangeliet til Johannes. I kunsten kjem dette til syne gjennom måleri av Jesu fødsel. Det finst ikkje lys i stallen. Lyset i måleriet strålar ut frå barnet. Og det er dette lyset som skin på alle dei andre i stallen. På stolte og slitne foreldre. På fattige og litt forskremde gjetarar. På dyr og detaljar i rommet. Det lyser på alt det skapte, og skapar ny verkelegheit. Slik tolkar kunsten den verkelegheita som vert skapt i Jesu fødsel og i Guds kome til verda. «Det som vart til i ham, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkeret, og mørkeret har ikkje overvunne det».

Jula kjem med ei gåve til oss alle. Den kan verke lita og ubetydeleg. Berre ord? – ei forteljing om ein fødsel? Men Jesus skapar ein skilnad. Juleevangeliet gir oss eit bilete å feste håpet til.

Ser vi det store i det små? Nå som verda feirar jul igjen, møtast vi av evangeliet om nåde, håp og glede. Vågar vi tru det, som gjetarane på markene? Når vi tenner lysa, syng og samlast og et – i kyrkje-rommet og i alle andre rom i høgtida.



Adoration of the Child
Gerrit Van Honthorst (Utrecht 1590-1656)

Over heile verda, der kontrastane er så store at dei nesten ikkje er til å halde ut, og når verkelegheita slår imot oss, ligg det ei bøn og eit levande håp i julefeiringa vår. Eit lys som skin i mørkeret. I Ordet som skapar lyset og livet. I Gud som kjem – får vi også tru.

Ole Kristian Bonden
Biskop i Hamar

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord
kristin@bakkelajord.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen
solbjorg_kvalshaugen@icloud.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Soknerådsleiar: Marianne Riste
marianneriste@hotmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale
aud.kvale@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
Tlf. 902 42 171
e-post: sh466@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Stilling vakant

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangenstein

Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september: tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april: tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00, fredag kl. 11.00

Redaksjonen vart avslutta 3. desember
Neste menighetsblad utkjem veke 15, frist for innsending av tekst og bilete er 14. mars 2025. Bidrag sendast på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedeilete: Oddvin Almenning: Uranostind

Julehøgtida nærmar seg, og det ser ut til at det vert ei kvit jul, sjølv om snøen har latt vente på seg. Det er planlagt mange flotte arrangement i desember, som me håper at bygdefolket får stor glede av.

Me ynskjer å minne dykk om å ta ein tur innom kyrkjegardane i etterkant av høgtida, for å fjerne gamle gravlys og liknande, slik at dette ikkje blir drege utover av vær og vind og fuglar utover nyåret.

Nyt denne flotte tida på året, der me kanskje er flinkare enn elles til å stoppe opp litt, for å ta vare på tradisjonane og dei rundt oss.

Med ynskje om ei magisk og fredeleg julehøgtid – frå Silje




Førjulsmoro med julegrantenning og graut på Drengestøga

Mange takk til alle som møtte opp på triveleg førjulsmoro og julegrantenning ved Drengestøga tysdag 3. desember. Soknerådet i Vang serverte graut til om lag 50 svoltne små og store, og Anne Lajord Belsheim bidrog med juleforteljingar og drog igang julesongar og vandring rundt juletreet.

Bålpanna var og god å ha, så me fekk varma oss litt undervegs. 5-åringane fekk eigen invitasjon, men arrangementet var ope for alle som ville. Dette er ei triveleg markering av at adventstida er i gang, og har vore ein tradisjon dei siste åra.

Silje





Julehelsing

Kjære innbyggjar,

Me går no mot ei ny julehøgtid, og tradisjonen tru kan det vere mykje stress og mas i førjulstida. Då er det viktig at vi tillèt oss å ta ein liten pust i bakken. Gå på besøk, stikk innom julemesser eller nyt ein konsert med både eksterne og lokale utøvarar, dette vera seg alt frå hornmusikk eller kor til enkeltartistar.

Nyt førjulstida, tenn lys, ta ei pause og ro ned frå stresset i kvardagen. Lag deg gode minner og gjerne nye tradisjonar. Be naboen inn på peparkaker og gløgg, ha hyggelege middagagar med familie eller vener. Ein liten hyggeleg gest kan ofte gje store positive ringverknadar.


Jula er òg tida for ettertanke, og eg tenkjer at eg er takksam for å bu i Vang. Vang kommune er ei god kommune å bu i. Me har eit godt oppvekstmiljø, gode helsetenester og fleire gode møteplassar. Gode møteplassar er viktige for tida vi lever i, uansett om det er på skulen, på arbeid, i fritida som på kafeen eller på trening. Det er viktig å kjenne på eit fellesskap. Og om du kjenner deg åleine så utfordrar eg deg til å nytte dei tilboda som finnes, ta sjansen på å delta på noko av det som skjer her i Vang.

Me bur i ei uroleg verd, og diverre ser det ikkje ut til å stoppe med det fyrste. Mange menneske er på flukt frå heimane sine og bort frå familien sin, og mange av desse kjem til vår kommune og til våre møteplassar. Då ser me eit Vang på sitt beste, der me er opne og tek imot folk. Nye folk og kulturar skapar mangfald.

Vang har mange som deltek i samfunnet vårt for at Vang skal vera ei god kommune å bu i, og denne gongen vil eg spesielt trekke fram all frivilligheit og alle frivillige som bidreg til å gjera dagane betre for andre – også i jula, tusen takk for dykkar innsats. Me har òg fleire som ikkje kan ta julefri då dei har yrker som ikkje tillèt dette, eg sender ei ekstra julehelsing til dykk som er på arbeid juledagane. Tusen takk for innsatsen.

Ta vare på kvarandre, me treng dykk alle. Eg vil med dette få ynskje dykk alle ei god jul og eit fredeleg nytt år!

Jørand Ødegård Lunde
ordførar



Min julesalme

Deilig er jorden

Jeg fikk spørsmål om hvilken julesang jeg liker best. Det er uten tvil *Deilig er jorden*.

Jula har alltid betydd mye for meg. Jeg er heldig som har vokst opp i en familie der det er viktig at tradisjonene holdes vedlike. Ett eksempel på dette er at det blir ikke samme jul for meg om jeg ikke får deltatt på «Vi syng og spelar jula inn» i en av kirkene våre her i Vang. Der avsluttes alltid kvelden med *Deilig er jorden*. Hvorfor jeg liker så godt denne sangen, er nok at den gir håp og en sender en tanke/bønn til alle som vi deler denne planeten med. For meg er denne sangen HØGTID.

Ønsker dere alle ei god og fredfull jul.

Rita Helen Dalemark



Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradys med sang.

Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den,
først for markens hyrder,
skjønt fra sjel til sjel det lød.
Fred over jorden,
menneske fryd deg!
Oss er en evig Frelser født!

Julehilsen fra Vang Mottaksenter

Vi har nå driftet et helt år som OA (ordinært mottak). Et OA er opplagt som selvhusholdning, der beboerne holder maten selv. Selvhusholdet er nå godt innarbeidet, og våre beboere handler mesteparten av sine matvarer lokalt.

Siden de holder maten selv, fører det til økt handel for dagligvarebutikken i Vang, noe som er positivt for hele Vang kommune. Handelen fra våre beboere er med på å støtte opp om vår lokale Prix-butikk.

Lokalsamfunnet i Vang har som alltid tatt imot våre beboere på en vennskapelig måte, og det året vi legger bak oss, er ikke noe unntak. Frivilligheten har stått på og vært med på å gjøre hverdagen bedre for våre beboere.

Vi har fortsatt en klar overvekt av ukrainere ved mottaket, men det har siste året kommet flere andre nasjonaliteter



til mottaket. Kjekt å se at tidligere beboere søker seg til Vang. Håper det er et tegn på at vi driver og har drevet mottaket på en god måte. Kommunen er veldig flinke til å tilrettelegge for samhandling med mottaket, og jeg håper vi kan fortsette dette gode samarbeidet i årene som kommer.

Julen er en høytid for samvær med familien, og det er viktig for oss ved Vang

mottak N2 å lære beboerne opp i norsk juletradisjon. Dette innebærer god mat.

Jeg vil på vegne av alle beboerne og alle ansatte ved Vang N2 Mottaksenter få ønske alle i Vang en riktig god og fredfull jul, og de beste ønsker for et godt og fremgangsrikt nytt år.

Henrik Rønningen
Mottaksleder

Førjulstida ved dagsentrene i Vang

Det nærmer seg jul. Førjulstida er over oss, og dagsentrene er i full gang med planlegging av aktiviteter som passer denne tida.

Senhøsten har vi, så langt godværet har vært tilstede, tilbrakt ute på tur i nærområdet eller på busstur til fjells. Å gå tur er bra for kroppen og godt for sjela. God fysisk helse er viktig, og brukerne ved dagsentrene er flinke til å delta og bidra selv. Fredag 20. september var det strålende solskinn fra skyfri himmel, og Solgløtt dagsenter kastet seg rundt på spontan busstur til fjells. Gripe denne flotte sjansen var viktig!

Turen gikk til Herredalen med lokal-kjent bruker som fikk «jobben» som guide. Vi fikk høre historier rundt flere av stølene langs veien og hvor utfordrende det kunne være med dyrehold i Herredalen i gamle dager. Vi avsluttet turen med å raste på Slettefjell i nydelig solskinn med en fantastisk utsikt over Vang.

I førjulstida ved dagsentrene planlegger vi for aktiviteter som gir et bredt innslag av variasjon. Det vil bli mange felles arrangementer som forgår på Vangsheimen. Konserter og andakter vil glede mange av brukerne og pasientene ved Vangsheimen. Vi vil også ha kinodag i starten av desember hvor «Fritjofs Jul» står på plakaten. Humor, sang og juleglede vil vi da få se – en god forberedelse til jula som kommer. Konsertene gir musikkopplevelser som hardingfele, gitarspill, pianospill og sang. Også i romjula vil det bli konsert på Vangsheimen for brukere og pasienter.

November i Valdres = rakfisktid. Dagsentrene i Vang er ingen unntak. I november måned vil begge dagsentrene ha rakfiskklag. Solgløtt dagsenter har inngått et samarbeid med dagsenteret i Vestre Slidre kommune og fikk besøk av dem nettopp til rakfisk, godt drikke og mye mimring 14. november.

Vangsheimen dagsenter vil også i år ha julebasar hvor man kan få kjøpt lodd i kantina på Vangsheimen. Premiene til



basaren har brukerne selv laget og det er mange ulike premier.

Vi ønsker alle en riktig god førjulstid og gledelig jul!

Hilsen

Gerd, Mimoza, Anne, Anny og Lene



Festosdisken

Mennesket levde i begynnelsen i naturens pakt,
det hentet i den ville naturen sin grøde.
Men så ba Gud mennesket om å skifte drakt,
det skulle temme plantene for å skaffe sin føde.

Slik var det at jordbruket begynte,
og jordbruket ble det som mennesket forsynte.
Laverestående menneskeslekter ble nå fanget av hjorden;
de ble drept, slik at det kunne oppstå orden.

I ordenens skjød fikk mennesket visdom smake.
Det hogg urskogen ned slik at kulturlandskap ble vunnet.
Visdomssøken fortsatte, det var ingen vei tilbake.
Slik var begynnelsen på jordbrukssamfunnet.

Landskapet var nå temt,
og den ville veksten stemt,
fordi mennesket i sin nye drakt,
holdt kulturplanter i sin makt.

Forsyningene jordbruket langet
brakte mennesket atter mot blomstring fremover.
Ville mennesker og dyr ble fanget,
de ble drept hjemlet med menneskelige lover.

Veien tilbake var stengt,
livsførsel avhengig av ville dyr fortrengt.
Selv om urdamen fortsatt var vill,
så forble menneskene bofaste, og de fikk det da sånn greit til.

Dette fremkalte en ny livsførsels ånd:
Mennesket kunne bygge seg grender,
og holde seg med forsyninger kultivert av menneskets hånd, og tamdyr
dressert av menneskelige hender.

Ville dyr ble nå fra kulturlandskapet holdt ute.
Slik startet tamdyr, kulturplanter og -landskap sin rute.
Overskuddet ble lagret av jordbrukets grøde,
ville planters frukter ble lagt helt døde.

Den ville naturen ble nå holdt ute med stengsel.
Nå når mennesket hersket over land
var det ingen vei tilbake til dens fengsel.
Slik begynte alt det kultiverte av menneskehand.

Dette ga grobunn for en ny livsførsel og nye steg,
siden bebyggd bosetning muliggjorde holding av kveg.
Hersket over landet gjorde nå urmannen og hans ville viv,
beriket og bemektiget forsvant den ville naturen ut av deres liv.

Mennesket fremsto nå i enda en ny drakt,
visere enn før og med nye toner;
det tradisjonelle mennesket fordi det lever fanget i pakt
med folkevisdommens nedarvede tradisjoner.

Ville dyr fikk nå ingen skade voldt
fordi tradisjonsmennesket seg med vakt dyr holdt.
Gud formante nå mennesket til nye driv:
Mennesket skulle fortsette å harmonere sitt liv.



Forsyninger mange ble nå draget
inn til de utviklede grender
hvor bearbeidede produkter ble laget,
tilvirket av menneskehender.

Mannen skikken damen, villskap ble hun ikke ved.
Dette medførte et samfunn preget av fred.
Men med freden begynte ukultur å trille.
De utilpasse ble tilbakeført til naturen den ville.

Tradisjonsmennesket holdt sine skikker fast,
slik var han formell og stiv.
Til disse sto han last og brast,
og slik begynte det politiske liv.

Mennesket levde nå variert av yrke
og la av seg skikker uten styrke.
Dette ga grobunn for nye vyer.
Mennesket samlet nå sin rikdom i byer.

Rikdommen finansierte menneskekultivering i byer
hvor mennesket belærtes i takter og toner.
Dette ga grobunn for atter nye vyer,
og det beriket menneskets mange profesjoner.

Mennesket la nå atter av seg skikker gamle,
tørftet ikke lenger i blinde famle;
for nå påvirket mennesket utviklingen selv,
det drev ikke lenger hjelpeløst i tidens elv.

For mennesket bedrev nå mangt et yrke;
levde ikke lenger fra hånd til munn.
Nå var det tider for nye tanker å dyrke,
og damene inkludertes i deres samfunn.

Mennesket, fullendt, diskriminerte det rette og gale,
og sluttet, til slutt, byenes kultivering å betale.
For mennesket hadde nå nådd sitt fulleste menneskeverd:
Mennesket som kultiverer seg selv i livets ferd.

Ørjan Dahl

—Fritt diktet inspirert av Festosdisken

Vang pensjonistlags 50-års jubileum

Vang pensjonistlag vart skipa 24. mai 1974 og er såleis 50 år dette året. Ei slik begivenheit måtte markerast, og dagen vart 26. september på Filefjellstuene.

Slik står det i stiftelsesdokumentet frå 1974:

Den 20. mai 1974 var det tillyst møte for pensjonistane i Vang på Grindaheim turisthotell. Møtet var kalla inn av formannen i sosialstyret Knut H. Berge. Frammøtet var bra og interessa for pensjonistlag var stor.

Det vart gjort desse vedtaka på møtet:

1. Det skal skipast pensjonistlag i Vang
2. Navnet på laget: Vang pensjonistlag
3. Laget melder seg inn i Norsk pensjonistforbund og Oppland fylkesforening for pensjonister.
4. Laget vedtek mønstervedtektene for lokallag, med unntak av følgjande: Formannen blir vald av årsmøtet ved serskilt val. Årsmøtet vel 4 styremedlemmer, 1 frå Øye, 1 frå Vang vestside, 1 frå Vang austside og 1 frå Høre. Styret vel seg imellom: Nestformann, kasserar, skrivar, og hjelpekasserar.
5. Alle val er for 2 år.
6. Valg: Formann Nils Thune
Vang vestside: Kirsti Haugen. Varamann Helge Myhre
Vang austside: Marit I. Heen. Varamann Berit Rogn
Øye: Gudbrand Holien. Varamann Ingebjørg Bø
Høre: Ola K. Framstad. Varamann Knut Leithe
Kommisjonær for pensjonisten: Helge Myhre
7. Medlemskontingent kr, 10,- for året
8. Styret bestemmer når og kvar neste møte skal vere.

Vedtekter vart laga som laget skulle følge framover. Vedtektene vart reforhandla i 2018 då fleire krav til alle lag kom på bordet.

Alle dei 92 medlemmene vart inviterte til denne 50-årsfeiringa, samt ein representant frå styret i kvart av dei andre pensjonistlaga i Valdreskommunane og også representant frå styret i fylkeslaget. Vang kommune stilte med varordfører Marit Andrisdotter Kvam. Denne feiringa skulle vere gratis for alle innbudte, hadde styret i pensjonistlaget bestemt.

Haustdagen synt seg værmessig frå si beste side, og alle som deltok fekk oppleve ein flott dag i fjellet med alle farger som hausten kan få fram.

Line, dagleg leiar på Filefjellstuene, ynskte oss velkommen og fortalte oss litt om siste års rehabilitering og utviding av staden. Gerd tok så over med eigenskreven «prolog» og orienterte litt om det vidare programmet. Berit Nefstad og Bjørg Berge hadde laga ein historikk over det viktigaste i laget gjennom 50 år. I 70-, 80- og 90-åra var det stor aktivitet i laget, der gamle Thorpe skule var samlingsstaden. Veving, saum, snikkar-/treskjæring og keramikkverkstad var noko som

Den 20 mai 1974 var det tillyst møte for pensjonistene i Vang på Grindaheim turisthotell. Møtet var kalla inn av formannen i Vang sosialstyre Knut H. Berge for å få skipa eit pensjonistlag i kommunen. Frammøtet var bra og interessa for pensjonistlag var stor. Det vart gjort desse vedtaka på møtet:

1. Det skal skipast pensjonistlag i Vang
2. Navnet på laget: Vang pensjonistlag.
3. Laget melder seg inn i Norske pensjonistforbund og Oppland fylkesforening for pensjonister
4. Laget vedtek mønstervedtektene for lokallag, med unntak av følgjande: Formannen blir vald av årsmøtet ved serskilt val. Årsmøtet vel fire styremedlemmer, 1 frå Øye, 1 frå Vang vestside, 1 frå Vang austside og 1 frå Høre. Styret vel seg imellom: Nestformann, kasserar, skrivar og hjelpekasserar.

medlemmer 1 frå Øye, 1 frå Vang vestside, 1 frå Vang austside og 1 frå Høre. Styret vel seg imellom: Nestformann, kasserar, skrivar og hjelpekasserar.

Alle val er for 2 år

Valg: Formann Nils Thune

Vang vest: Kirsti Haugen Varamann Helge Myhre
Øye Gudbrand Holien " Ingebjørg Bø
Vang Ø: Marit I. Heen " Berit Rogn
Høre Ola K. Framstad " Knut Leithe

Kommisjonær for pensjonisten Helge Myhre

7 Medlemskontingent kr 10,- for året.

8. Styret bestemmer når og kvar neste møte skal vere



befant seg der, og den tida var gamaldans noko som mange tok del i.

Som underhaldning hadde laget hyra inn Reidun Porten, ho er ein glimrande visesanger, og Jakob Sande står høgt i kurs når Reidun formidlar noko. Allsang vart det også.

Så var det tid for mat. «Høstgryte» av reinsdyr med tilbehør smakte godt, og praten gjekk livleg rundt borda. Mellom hovedrett og kaffe med kake vart det helsingar til jubileumslaget.

Fyrst ute var varaordførar i Vang, Marit Andrisdotter Kvam, som helsa frå kommunen og overrekte blomster og gavesjekk. Så var det Øyvind Magistad Berge, styremedlem i fylkeslaget, som helsa med blomster derfrå og samtidig overrekte gavesjekk frå Pensjonistforbundet sentralt. I tur og orden var det så helsingar frå dei andre pensjonistlaga i Valdres.


Kaffe og kake høyrer med etter ein middag, og ei aldeles nydeleg bløtkake vart servert.

Reidun avslutta denne feiringa med fleire songar, og alle oss andre stemde med.

Ein stor jubileumsdag var til ende, og Gerd takka alle for deltakinga og ynskte vel heim.

Tekst: Gerd Marken

Foto: Arne Nefstad og Ivar Kongslie



Vang kulturskule

Fleire unge kunstnarspirer i Vang

Denne hausten har kulturskulen hatt gratis kunstverkstad på VBU i SFO-tida. Kunst- og teiknelærer Alexander Haugelien har jobba med elevane om å lage eit stort felles kunstverk. - Det har vore fint å sjå kor engasjerte elevane har vore. Totalt 30 elevar har vore innoom og teikna, seier Alexander Haugelien.

Kunstverkstad på SFO er tenkt som eit rekrutteringsprosjekt. Haugelien håper enda fleire vil bli med i den faste kunstgruppa. Det har vore stor interesse og engasjement blant elevane på SFO. Dei sit konsentrert, teiknar saman og drodlar idear til korleis dei kan få det store kunstverket til å henge saman. - Det er insane bra, utbryt Henrik Dreyer Dahl som teikna fleire teikningar til temaet verdsrommet. Han får medhald hos Vilho Børhus og Ingrid T. Katevoll. - Det er gøy, for plutselig får man til å teikne enda betre, seier Ingrid T. Katevoll.

Utviklar kreativitet og skaparglede

Det er fint å sjå elevane i aksjon. Medan dei teiknar, får fantasien løpe løpsk. Dei improviserer og lagar fortellingar til teikningane, samarbeider og utfyller kvarandre. Det er ein god, kreativ flyt i rommet. - Ein fordel med å teikne og utfalde seg kreativt er at ein trener opp fantasi og førestillingsevne, seier Haugelien.

Alexander underviser til vanleg kunstgruppa i kulturskulen. I haust har dei jobba med ulike prosjekt. - Blant anna origa-



Kunst- og teiknelærer Alexander Haugelien og elevane. Alle følgjer nøye med på instruksjonar frå læraren.



Nokre av teikningane til elevane med tema «frå havet til verdsrommet»

mi, som går ut på å brette papir etter geometriske reglar for å oppnå ønskt design. - Vi har jobba med modelleire og har i tillegg fleire teikneleiker, seier Haugelien.

Dei skal vise fram noko av arbeidet sitt på kulturskulen sin julekonsert på Åsvang 2. desember.

Skal kidnappe julenissen

I den yngste teatergruppa i kulturskulen går dagane med på å øve inn ei framsyning om julenissen som blir kidnappa. Rollen som julenisse er blant dei mest kjente i verda, men Jon Venås Lerhol gjer sitt for å skape ein særeigen nissekarakter. - Eg tenkjer at han går litt sånn krokete og har veldig hes stemme, seier Jon medan han imiterer ganglaget til julenissen. - Det er veldig gøy for eg har alltid ønskt meg skjegg, legg han til.



Frå venstre bak: Elvira, Jon, Malin, Ingrid, Sanna, Ingebjørg, Olav og Ingrid Agneithe. Frå venstre foran: Kasper, Pernille, Kristoffer, Henrik og Vilho




Frå venstre: Elvira, Vilho, Henrik, Ingrid Agneithe, Pernille, Malin, Jon, Ingrid, Kasper, Olav og Kristoffer



Elevane sminkar seg før teaterøving

Framsyninga har teatergruppa laga sjølve. Den inneheld ein julenisse som blir kidnappa, ein pøbelgjeng, ein populær jentegjeng, eit reinsdyr og ein nisse. - Det er litt vanskeleg, litt gøy og litt forvirrande, seier Kasper Kvale. - Det er veldig gøy når alle får det til, seier Ingrid T. Katevoll. - Ja, det er gøy når det blir en flyt, legg Ingebjørg Børhus til. - Også kan ein bli betre kjent med folk man ikkje heng med så mykje i friminuttane, avsluttar Sanna Asheim Hennum.

Victoria Ose
rektor Vang kulturskule



Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Kan ein praksis skape tru?

Om å be Fadervår på Jonsokmesse i Øye Stavkyrkje

1. Innleiing

Notatet mitt tek utgangspunkt i ei hending som oppsto då me ba Fadervår på Jonsokmesse i Øye stavkyrkje. Det skal nemnast at denne stavkyrkja er utan straum, og at det difor er for mørkt til å lese frå eit program eller ei salmebok. Kva gjer desse rammene med Fadervår i denne gudstenesta?

Kan rommet og måten me ber på, gi nye erfaringar av tru?

Vidare vil eg vurdere om elementa eg tok i bruk kan være med å endre måten deltakarane i messa forstår eller erfarer trua si på.

2. Presentasjon av fagstoff eg har valt å bruke

2.1 Om å be

Teologi er ei form for bøn (Cocksworth, 2018 s. 23). Ørkenfar Evagrius forsto sin praksis i bøn og sin teologi som to sider av same sak. Den eine eksisterte ikkje utan den andre, og saman gjorde dei Evagrius i stand til å dvele, kvile, tenke, arbeide og kjempe hjå Gud. Evagrius vart seinare kritisert for vranglære, men likevel tilkjent å be sant. Han meinte at å be er føresetnad for å skape teologi (Cocksworth, 2018 s. 15) og at bøn er ein umistelig del av både arbeidet og produktet. I Evagrius sitt kapittel 61 skriv han: «Dersom du er ein teolog, vil du be sant, og dersom du ber sant, er du ein teolog.» (Cocksworth, 2018 s. 22). Han gir også konkrete råd om korleis lese og be: Gjer det sakte, så bekymringar får sleppe taket. Bøna vil gjere noko med deg, og du styrer den ikkje, forklarar han. Det er bøna som styrer deg (Cocksworth, 2018 s. 27). Han held fram med fleire råd om bøn, og avsluttar med at «slik du snakkar med Gud, slik snakkar du om Gud.» (Cocksworth, 2018 s. 40).

2.2 Litt om åndelig nærvær i språket

Den andre pensumteksten eg vil trekke fram eit par element ifrå, er Bruno

Latour sin tekst «Thou Shalt Not Take the Lord's Name in Vain Being a sort of sermon on the hesitations of Religious Speech». Teksten er krevande for meg å forstå fullt ut, og har omfattande teoriar, som det går for langt å presentere her, men eg vel likevel å bruke noko av det han det skriv om formidling.

Latour (Latour, 2001, s. 215) startar med å påpeika at me bruker ulikt språk alt etter kva me vil oppnå. Me har til dømes språk som er meint å samle laget, og språkbruk som definerer kor me er og kor me skal enn som gruppe. Måten me snakkar på, signaliserer kven me henvender oss til, skaper assosiasjoner og forventningar.

Latour presenterer eit ytrings-system (regime og enunciation) der han forklarar at tilhøyrarar opnar eller lukkar oppmerksomheten sin, avhengig av måten budskapet blir lagt fram på; igjen at måten å snakke på ikkje utelukkande handler om overlevering av informasjon eller berre om å bygge laget, men om noko spesifikt for ein spesifikk ytringsmåte (enunciation) han kallar presence-enchanting. Latour introduserer med dette eit element som fremmer nærværet i budskapet, og deretter genererer dette nærværet i nye samanstillingar (Latour, 2001, s. 215). Dette nærværet er å forstå som ei åndelig eining, og artikkelen held fram med å diskutere kva plasser og posisjonar åndelighet og religion har hatt, har og bør ha, sett i samheng med mellom anna sekularisering, modernisme klassisk vitenskap og fleire andre emne eg ikkje skal gå inn på her.

Det Latour påviser om religiøst språk, er at det har sin eigen logikk og målsetting, og at nærværet som oppstår mellom deltakarane og budskapet, er ein sentral og bærande del av både målet og meininga med budskapet.

2.3 Kva kan handlingar ha med tru å gjere?

Eg valde også fagstoff frå boka «Christianity as distinct practices a complicated relationship» av Jan-Olav Henriksen for betre å forstå deltakarane i messa i Øye Stavkyrkje.

Henriksen diskuterer funn frå Ammermann, Sacred Stories, Spiritual Tribes,

som undersøker om folk forstår tru som del av sin kultur. Funna viser at kultur legitimerer det å delta i religiøse samanhengar, og at religion vert forstått som ei kulturoppleving og som tradisjon (Henriksen, 2019, s.23). Henriksen påpeiker at læresetningene som er endel av kyrkja sin arv, særleg i protestantisk teologi, ser ut til å ha mindre verdi for deltakarane i ei messe. Læresetningene kan til og med oppfattast som noko som skaper avstand mellom kyrkjegjengaren og messa, særleg dersom vektta i gudstenesta blir lagt på teori og læresetninger, heller enn på praksis (Henriksen, 2019, s.23).

Religiøs praksis derimot, ser ut til å ha motsett effekt. Den samlar. Døme på praksis kan være nettopp det å samlast, eller å be, lytte til eller delta i songen for å nemne nokre. Henriksen refererer igjen til Ammermann sine studier som viser at folk er religiøse, men praktiserer dette ulikt, og gjerne ikkje i tradisjonelle kyrkjelydar eller trus-fellesskap (Henriksen, 2019, s.27). Tru handlar meir om praksis, vanar og verdiar enn om læresetninger og teoriar (Henriksen, 2019, s.31). Dette kan tyde på at praksisar opnar for tru, heller enn omvendt.

3. Drøft tematikken

Bøn formar teologi, kunne ørkenfar Evagrius fortelje oss. Kan det være noko av det eg oppdaga i førebuinga og feiringa av gudstenesta i Øye Stavkyrkje? Å lese denne eine setninga var som å snuble over aspekt eg oppdaga at eg hadde få ord som kunne beskrive. I litteraturen til dette studiet fann eg mykje av det eg hadde sakna, og som jonsokmessa sette meg på sporet av.

Tru skal ikkje vegast, men vatnast

Eg set fram påstanden for å illustrere korleis måten me omtaler tru på, gjerne fortel noko om kva ein meiner tru faktisk er. Litt slik som Evagrius: «slik du snakkar med Gud, slik snakkar du om Gud».

Ei tru som skal vegast, impliserer at den er stor eller lita, lett eller tung, større eller mindre enn ei anna tru. Det er ikkje slik tru som er samla i Øye stavkyrkje på jonsok. Det er heller ikkje slik tru eg les om i johenriks s 31. Nei, dei som

kjem på jonsokmessa, har ved å møte opp opna for opplevinga i tråd med Latour si analyse om det spesifikke språket som ber budskapet, berører oss som er samla, og skaper noko meir.

Dette meir som Latour definerer som religiøst språk, kom me alle i berøring med då 6-åringen ifrå dåpsskulen skulle leie Fadervår denne kvelden. Me hadde øvd og Fadervår skulle skje som ekko-bøn. Det ho sa, skulle me gjenta. Rytmen i bønna vart difor annleis enn vanleg, og kontrasten i lyd bildet vart både sterk og intens, sidan Høre mannskor og heile kyrkjelyden svara 6-åringen. Lat namnet ditt helgast» ... «lat riket ditt koma». Det mørke eldgamle rommet tok imot bønna.

Intensiteten der og då, kunne alle som var der kjenne på. Alle som ein deltok. Alle, med unntak av døve, kunne delta. Ein måtte ikkje kunne lese, kunne norsk, eller ha nok lys for å sjå for å delta. Me lytta, og gjentok saman, under leiing av ei tynn og klar barnestemme. Dette vart ikkje planlagt som eit pedagogisk virkemiddel, men som ei praktisk løysing sidan me mangla lys. Eg hadde raskt forkasta planen om å bruke mobil-lykter, sidan 80 mobil-lykter mest truleg ville forstyrre bønna. Me trong ikkje lys, me trong å gjenta 6-åringen sitt Fadervår.

Dette leier meg til den andre oppdaginga i arbeidet med dette kurset. Åndelighet er lettare å finne enn eg først trudde. Det hjalp å leite på dei rette stadene.

Åndelighet, har eg lært, lever i og av praksisane. Handlingane som me gjer, som vane, som fellesskap, med eller utan sterke kjensler, med eller utan intensjon, men som likevel veks fram or ei tru. I desse handlingane ser eg no åndeligheten klart. Om tida me lever i er aldri så sekularisert, vil det likevel være handlingar der ute som vert gjort i tru, som beveger andre menneske, og som difor er nettopp åndelige. Handlingane, måtane Evagrius ba på, språkdrakten Latour beskriv, ber så mykje meir av kyrkja sin budskap enn eg våga å håpe.

I møte med desse erfaringane vil eg minne særlig meg sjølv på at *Teologi blir til, ikkje berre repetert.*

Repetisjon var ein sentral del av å be Fa-

dervår Jonsokafta, det skal seiast. Noko større oppsto, og repetisjonen var ein sentral del, som eg har belyst. Repetisjon utan utvikling er noko anna. Det er å overbringe informasjon, som Latour er inne på, utan tanke eller intensjon om at noko nytt kan og bør bli til.

Når eg ser på eigen tradisjon; me i vår protestantiske tradisjon har sett doktrine og repetisjon høgt. Kristen tru har gjerne blitt målt opp i pugging av salmevers og som intellektuell øving. Det kan være positive sider med å kunne utenat, ikkje minst når ein samlast i eit kyrkjerom utan lys, men å la sjølve kunnskapen være heile trua, er nok uheldig. Det er ikkje i slike samanhengar teologi blir til. Det er ikkje i slike samanhengar at tru får næring heller, tvert om vil mange trekke lengre og lengre vekk frå det som etter ei tid vert oppfatta som irrelevant repetisjon av tilårskomne dogmer. Overlevering og transport, ja, men ikkje innhald som berører og beveger mottakaren.

Å hindre teologi i å bli til, må være ei stor synd. Som prest ser eg gong på gong handlingar og situasjonar som gir meg høve til å tolke og drøfte trendar og hendingar lokalt og globalt i lys av mitt fag. På den måten kan ny teologi bli til.

Tilbake til kyrkjerommet i Øye Stavkyrkje. Dei som kjem til denne messa, fortel gjerne at dei kjem for opplevinga av det mørke kyrkjerommet, eller fordi det er tradisjonen å komme til messe hit på Jonsok. Ingen oppgir eiga tru eller interesse for bibelforteljingar som mulige grunnar for å komme. Barna fortel meg at dei liker prosesjonen der me går i den mørke svalgangen og at dei fekk bruke handklokker til å ringe inn messa med. Høre Mannskor kjem for å opptre. Kvalt år.

4. Kort konklusjon

Kan rommet og måten me ber på gi nye erfaringar av tru?

Kan desse være med å endre måten deltakarane i messa forstår eller erfarer trua si på?

Ja.

I arbeidet med dette stoffet er det blitt tydelig for meg at det også fagleg viten-

skapelig kan argumenterast for fleire samanhengar mellom himmel og jord, mellom det materielle og det immaterielle, mellom tid og rom, enn det som har vore vektlagt i min tradisjon som teolog og prest. Det betyr at eg kan, med godt mot, halde fram å vekse inn i håp og draumar for kyrkja og verda

- ved å oppfatte og tolke det store i det vesle,
- ved å halde fram med å stadfeste handlingane som ber trua,
- ved å tolke desse i lys av både tida me lever i, Bibelen og tradisjonen me er ein del av,
- ved å halde fram med å praktisere åndelighet og tolke denne som del av vår kristne arv,
- ved å praktisere ritualene våre med stolthet, mot, dedikasjon og truskap.

Litteraturliste

Cocksworth, Ashley (2018) *Prayer A Guide for the Perplexed.* T&T Clark. 15-40

Henriksen, Jan-Olav (2019) *Christianity as distinct practices. A complicated relationship.* T&T Clark 23-31

Latour, Bruno (2001) «*Thou shalt not take the Lord's Name in Vain*»: *Being a sort of sermon on the hesitations of Religious Speech.* Chicago university press. 215-224

Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang





Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!


Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna

Vits



Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Kirkerottene på besøk

27 småtroll samla seg i kyrkja for å få med seg Kirkerottene, laurdag 19. oktober. Det vart og popcorn, saft, leik og utforsking i etterkant, og dei små virka til å være godt fornøyde med forestillinga og besøket.

Silje Hammerstad



Nytilsette frå hausten 2024

Helene Tvenge Quale

helsefagarbeidar, tilrettelagte tenester

Lars Andreas Huset

arealplanlegger, Vang kommune

Torstein Brekke-Dervola

Ingeniør vatn og avløp, Vang kommune

Storm Buajore Tørstad

Superressurs, Vang kommune

Agnes Brekke-Dervola

Superressurs, Vang kommune

Oksana Zimenko

assistent, Fredheim barnehage

Anne Rudi Onstad

fagarbeider, VBU

Anastasia Glæsel

Programrettleiar, Vang læringscenter

Erik Martinsen

Adjunkt, VBU

Kyrsten Ann Stalheim Rogn

lektor, VBU

Ann Beate Haram

Sykepleier, Helseavdelinga

Linda Katrine Gangstad Nordli

Spesialpedagog VBU

Maria Dalemark

helsefagarbeidar, Vangsheimen

Biljana Jelesijevic

hjelpepleier, Vangsheimen

Anne Finnbråten

hjelpepleier, Høre barnehage

Silje Øybakken

konsulent, Vang kommune

Ramunė Černiauskienė

assistent, Høre barnehage

Yehor Borodin

BUA-medarbeidar, Vang Frivilligsentral

Annifrid Tinkler

assistent, Bakkehaugen

Julie Holmvik

kontormedarbeider, VBU

Øystein Kvam

assistent, Grindatun

Kristian Qualben

assistent, Grindatun

Edit Irene Nummedal

hjelpepleier, Grindatun

Erling Oppheim

rådgjevar, Vang kommune

Solvor Kvissel Remmen

helsefagarbeidar, Bakkehaugen

Tina Haverstad

saksbehandlar, Vang kommune

Yasmen Alzin

hjelpepleier, korttid/heimesjukepl.

Siri Kvammen

fagarbeidar, miljøtenester

Elin Berget Håkerud

assistent, Grindatun

Anne Mette Thoresen

assistent, Grindatun

Frank Robert Kvannefoss

helsefagarbeidar, Grindatun

Anette Løbben-Olsen

assistent, Høre barnehage

Glenn Hansen Thune

driftsoperatør VA, Vang kommune

Dilawar Dustokhail

reinhalдар, Vang kommune

Bente Kristin Hauger

assistent, lund arbeidsbase

Åsmund Løvgreen

rekneskapsleiar, Vang kommune

Kulturminner Filefjell – Tvin

Filefjell æ langt tå lei ... var no iallefall det mea e va smågut. Men eit minne frå området har eg frå mine yngre dagar. Eg trur det var påsketur. I Hemsing hadde vi ikkje bil, men tante Berit og Eivind på Kvie hadde ein Opel Rekord Olympia varebil, og tok oss yngre iblant med. Den tida var det ikkje noko forbud mot å sita bak i ein varebil utan seter.


Denne dagen var mor og eg med til Nystøga på Filefjell, skitur og bjørnegarden til Pekka og Liisa var målet. Minnene sit, biltur, bjørnar, og ikkje minst: få ei flaske solo til nistepakka! Eg har alltid hatt eit bilete i hovudet av to småbjørnar som leika i klatretreet, men når eg les historia og ser at dei var fødd i mars 1958 og same vår sendt til Geiteryggen ved Skien, blir eg usikker på om det kan vera rett. Knut Nystuen si dotter, Sigrid, var i oppveksten på 60-talet med og mata bjørnane og såg på dei leika og spratt. Dette føltest som hennar husdyr, fortalde ho.

Då eg sjølv fekk meg bil, var bjørnane på Nystøga historie, men bjørnegarden stod der. Så omkring 1978 eller -79 fekk broder Nils spørsmål om å rive og grava ned betongmurane. Det vart eg som fekk den jobben.

Nystuen (vangsgjeldingen seie helst Nystøga) på nordsida av Otrøvatnet (Støgovatnet) har tradisjon tilbake til 1600-talet, men det var på 1700-talet og kanskje fyrst då Kongevegen vart utbygd, at utviklinga skaut fart. Før den tid gjekk vegen på andre sida, og Gamlestøga var overnattingsstaden (Store norske leksikon). Nystuen var ei tid både gardsbruk og skysstasjon/hotell oppe på Filefjell. Etterkvart utvida behovet seg, og siste endringa var at fjøset vart ombygd til skistall og gjesterom. Hoteldrifta tok slutt omkring år 2000. Nystuen er no leilegheitsbygg.

Eit lite stykke vest for Nystøga ligg Varden, fjellovergangens høgste punkt på vegen, 1013,11 moh står det på den gamle steinen. I årevis var dette Statens Vegvesen Oppland sin brøytestasjon. Det var to hytter og garasje/lagerbygg. Om vinteren budde 6-7 mann fast der. Arbeidet var brøyting og vedlikehald av snøskjermar mm. Ola Viken (f. 1954) fortalde at i påska hadde nokre av karane med familien. For ungane var det ein opplevelse, og nye leikekameratar. Ola hugsa spesielt at Bjørn Berge (han og f 1954) var med.

Hytter og garasje på Varden vart bygd omkring 1935-36, då tankane om heilårsveg over Filefjell kom fram i dagen. Men tid og utvikling av utstyr har endra mykje. Behovet for buplass for vegarbeiderane, og garasje/verkstad, vart borte med betre vegar og brøytereidskap, og at alle har eige bil. Husa vart gamle og såg ikkje lenger så bra ut, og i 1998 var det berre ein snuplass att på Varden. Men så bygde Statens vegvesen firmahytter på slike plassar, til bruk for sine ansatte. Det som kjennetegnar vår tid er raske endringar. Fyrst på 2000-talet vart det omorganisering, og hytter vart i 2003 fordelt mellom Statens vegvesen og det nyoppretta selskapet Mesta. Sistnevnte fekk Varden, som så vart seld til ein privatperson. Det er fortsatt eit fint hyttetun her med navnet Varden, og steinen



med 1013,11 moh står fortsatt på blankt fjell litt vest for hyttetunet. Ola Viken, som hadde minner frå påsker på Varden, jobba frå 1993 i Statens vegvesen og er opphav til ein del av denne kunnskap om Varden.

Kjøyrer vi vegen under Støgonøse, austover langs Otrøvatnet, er det ein plass som på vinterstid kunne vera farleg for snoras. På små utstikk etter vatnet ligg fleire hytter. Ei av dei låg svært utsatt til for dette raset og havna eit år utpå isen. Det var heldigvis ingen folk der då raset gjekk, men den var heller ikkje oppbygd att.

Så passerar vi avkjøringa til Filefjell Skisenter, skiheisar, leilegheitsbygg og hytter oppover i fjellskråninga, og hytter langs vatnet heile vegen bort til Gamlestøga. På ein odde ut i vatnet mellom Gamlestøga og Nystøga ligg og ei hytte, den var det i si tid Max Manus som bygde, han var det og som vart tilkalla då Pekka vart avliva.

Vi startar på nedkøringa mot Tyinkrysset. I ein høgresving med hus på begge sider av vegen, låg på høgre sida Grihamarstølen. Dette er stølslaget for 3-4 av gardane nede i bygda, i Øvre Dalen. Valdres Bygdebok fortel at på Grihamarstølen var turisme dreve heilt frå 1926, mens andre kjelder seier: i dette stølsområdet. Men i 1957-58 bygde Margit og Ola Grihamar eit større turistbygg rett over vegen for stølshusa. Allereie i 1963 vart det utvida. Ola var ein god hardingflespelemann og flink forteljar, medan Margit var god med maten. Dermed treivst gjestene særst godt der. I 1978 døydde Ola. Margit prøvde, sikkert med litt hjelp frå sine barn med familie, å drive nøkre år til, men fyrst på 80-talet var det stopp. Huset vart omkring 1990 brukt til brannøving, alt er borte og tilpynta. Oddbjørn Skeie har sin bolig like ved der turistbygget stod. Han er eit av barnebarna etter Margit og Ola. Oddbjørn og syster Bente minnest at dei vaksne alltid var svært travle – men når snøstormen slo til, E68 dreiv att og straumen var borte, med levande lys og ein kaffekopp varma på vedovn, då hadde alle god tid til ungene.

Så fortset vi ned til Tyinkrysset, der riksveg 53 til Årdal tek av. På ei liti slette på utsida av vegen var det tidlegare ein to-etasje tømmerbygning med namnet Hugostua. Eg prata med Alfred Hermundstad (f. 1935) og spurde når den var bygd og kva namnet kom av. Alfred visste ikkje noko om dette, men den var bygd til husvære for dei som arbeidde på vegen, og her var det anleggsavdelinga som budde. Siste bebuaren var frå Røn og heitte Semeleng. Kvar namnet «Hugostua» kom frå veit han heller ikkje. Huset vart nedtaka ca 1970 og vart til to hytter i Bagnsområdet ein plass, fortel Alfred. Tomta er i dag i bruk som parkering for ein del vegmateriell og reidskap. På 70-talet vart det og bygd ein automatisert telefonsentral inst på tomta.

Ikkje alt er borte, men køyrer vi E16 i dag, fer vi forbi kjøpesenteret, nokre bolighus og Tyinkrysset Fjellstue, og så fer vi inn i fjellet og får ikkje sjå noko av det eg her har skrive om før vi er i friluft rett før Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja. Det er triveleg å kjøyre gamlevegen ei og anna gong.

Dersom vi ikkje skal over Filefjell, men til Årdal eller Eidsbugarden, må vi inn på gamlevegen og ta av til høgre i Tyin-




Hyttetunet Varden




Varden



Varden



Grihamarstølen



krysset. På høgre sida litt ovanfor krysset låg Høgeset Sæter. Bra med trafikk fram til beliggenheit, til skitrekking med meir, gav slike små turistbedrifter problem. Så var det leirskule i mange år, inntil ein brann i 2015 øydela mykje. Bygget er redusert til ein etasje og kjellar og fekk nytt tak, men meir leirskule vart det ikkje.

Lenger oppe gjennom ein høgresving og venstresving rundt høg fjellknaus heiter det Klemma. Her var eg sjølv med og lasta etter sprenging og utbetring av vegen i 1980. Alfred fortalde at her i Klemma var det overbygg pga snøras fram til fyrst på 60-talet. I dag er det bygd master med overvaking av snøforholda og sprengladningar som kan fjernutløysast på fleire plassar oppover etter Tyislina. Slik kan ein få kontrollerte ras når behovet melder seg.

Erling Buajore hadde i årevis brøyting med bil på Filefjell og Sletterust. Vinteren 75-76 var eg nattevakt på Nystøga, og enkelte netter kom Erling innom for ein kaffekopp og litt pause. Han fortalde at han alltid hadde geværet sitt med i bilen for å kunne ta eit eller to skot opp i snøskavlar og slik løyse dei før dei var så store at raset kom heilt ned i vegen.

På 80-talet såg eg sjølv det var kome snøras ned mot Svejistølen, det bles inn ein del glastruter, men stoppa i vegg. Inngangen i kjellaren vart stengt og det låg snø heilt opp til glasa i 1. etg på bygget. Meinat hugse det var dør ut på baksida, men ellers kunne ein og gå ut i raset gjennom glasa i den etasjen.

Knuppen var den øverste knausen på stigningen etter vegen, og når ein runda fjellet her, såg ein Svejistølen og Tyin Hotell. Tyin Hotell hadde sin siste brann i 1989 og vart ikkje bygd opp att som hotell. I dag er det to høge leilegheitsbygg der. Svejistølen er og borte, den var på slutten betjeningsbolig for hotellet. Der er det no stor parkering for vinterturistar til Eidsbugarden/Fondsbu. Knuppen er og borte, den vart til kult, pukk og grus i tomter og på vegar innover ved Tyinholmen og Eidsbugarden.

Tekst: Ivar Hemsing



Automatiske lukeåpnarar i Heensåsen kyrkje

Olsen Nauen Klokkestøperi kom på besøk i midten av juni, for å montere automatiske lukeåpnarar i Heensåsen kyrkje. Den/dei som skal ringe med kyrkjeklokkene framover slepp endeleg å utsette seg for unødvendig risiko, opp og ned den bratte trappe-/klatreoppgangen til klokketårnet.

Lukene styrast no nedanifrå og taua til klokkene er lagt i trinser og dratt ned til galleriet, slik at sjølv ringinga blir gjort i kyrkjerommet.

Utbetringa har vore ein prosess over lang tid, og som har vore gjentatte runder innom Riksantikvaren, før me endeleg fant ei godkjent løysing.

Fun fact om kyrkjeklokkene i Vang kyrkje

Er det tilfeldig at 1724 ikkje berre er høgda på Grindafjellet – men og årstalet som kyrkjeklokkene til Vang kyrkje vart støypt?

Silje Hammerstad

Bileta under: Kyrkjeklokkene i Vang kyrkje



Redaktøren har ordet

No er det gått eit år att, sidan eg som redaktør skreiv litt om situasjonen i bladet. Eg bad om synspunkt m.a. på framsida. Det har kome innspel frå to personar, og båe meinte at framsida ikkje bør endrast. Ettersom det framleis antakelegvis er slik at den som teier samtykker, tolkar vi dette slik at det ikkje er naudsynt med nokon endring av framsida no. Elles får redaksjonen tilnærma ingen respons på bladet. Korleis skal vi tolke det, tru?

Om vi legg inntektene frå bladpengar, annonser og gåver til grunn, ser det

ut til at interessa for bladet er relativt stabilt. Dei aller fleste betalar kr 200 som vi ber om, men ein god del betalar meir, og nokre betalar mykje meir (så mykje at vi trygt kan kalle det gåve) – og det er vi svært takksame for! Men kostnadene aukar for menighetsbladet også, som for alt anna, og redaksjonen har difor vedteke å auke bladpengane til kr 250 pr år frå 2025 – etter mange år utan auke. Vi vonar at dette ikkje går ut over betalingsvilja dykkar!

Eg håpar at bladet greier å spegle noko av det som skjer i Vang, både i kyrkja og kulturlivet elles. Innsendt stoff frå lesarane vil framleis bli satt stor pris på! Og eg har ikkje noko imot å ta inn

stoff som fortel om at også Vang er del av ei større verd. Vi lever i ei natur- og klimakrise, sjølv om vi her i Vang ikkje er av dei som hittil har vore sterkest råka av dette. Og i nyheitene ser vi dagleg forferdelege bilete frå krig i Europa, i Midt-Austen og i Sudan – men hittil har vi ikkje merka stort anna til det enn at asylmottaket stod opp att i 2022, rett etter at det vart nedlagt. Vi lever framleis i ei beskytta verd og har grunn til å vere særst takksame. Er vi det?

Eg vil nytte høvet til å ønskje kvar og ein ei riktig god jul og alt godt for det nye året!

Helsing Sidsel Offergaard Jevne, red.

Haust på biblioteket og frivilligsentralen



Scan koda for nyheitsbrev!

Det nærmar seg jul, og nok ein travel haust går mot slutten på biblioteket og frivilligsentralen. Hausten har vore prega av ombygging – frå byrjinga av oktober til midten av november har nemleg ulike handverkarar vore hjå oss og erstatta den gamle skilleveggen mellom galleriet og fagavdelinga med ein foldevegg, malt veggane og sett opp ny belysning i dei to romma. No gler vi oss til å ta i bruk romma kvar for seg, eller ha det som eit stort og inkluderande rom! Kom gjerne innom og sjå kor fint vi har fått det.

Skinnavotten med Duc Mai-The



I oktober gav Duc Mai-The oss eit fyrverkeri av eit eventyr om alle som budde i skinnavotten: Pilemus Silkehår, Friskefrosk Langelår, Haremann Hopsadans, Revemor Silkesvans, Ulven Aldri Mett, Villsvinet Trynebrett og Bamsefar Labbdiger. 30 ungar og 15 vaksne lo og ula seg gjennom halvtimen. Iallefall så lo alle, litt usikker på om dei vaksne var med og ula ilag med Ulven Aldri Mett. Nokre vaksne kom utan ungar, det er veldig hyggeleg på arrangementet for dei over 5 år.

TV-aksjonen



Tusen takk til alle som engasjerte seg i årets TV-aksjon! Det var fantastisk moro å sjå all bygginga og anna aktivitet som så mange deltok i.

- Byggekampanjen funka som ei kule. Vi satte ein makssum på kr 2.500,- pr. bedrift, som vil seie at vi måtte ha 50 byggverk for å nå makssum. Heile Vang bidrog til at målet vart nådd med goood margin – vi fikk inn over 120 byggverk!! Dette resulterte i 35.000,- frå dei 14 byggebedriftene som var med på kampanjen.

- Ein gjeng på Kontorfellesskapet 1724 gjennomførte ringedugnad som ga ytterlegare 48.219,- frå det øvrige næringslivet i Vang.

- Kommunehuset, Kontorfellesskapet 1724 og leiargruppa utdanning og kultur arrangerte vaffellunsjar som ga til saman 13.795,-

- VBU arrangerte FN-konsert der inntektene på 8.600,- gikk til Barnekreftforeningen.

- 4 dyktige områdeleiarar og 26 bøssebærarar besøkte heile Vang og sørga for 79.518,- i bøssene (inkl. vipps).

- Vang kommune ga 10.000,- Samla vart summen frå Vang 215.099,- som ga oss ein flott 61. plass nasjonalt og 4. plass i Innlandet. Bidraget pr. innbyggjer er til saman dobbelt så mykje som landsgjennomsnittet! Takk til alle som har gitt for at Barnekreftforeningen skal kunne bygge familiehus ved dei store sjukehusa, slik at familiar til ungar med alvorlege sjukdomar kan få vere saman.



15 nye besøksvenner



Vi er overvelda over responsen på be-

søksvenkurset som Grindaheim Røde Kors besøksteneste og Vang frivilligsentral arrangerte 24. oktober! Totalt deltok 15 frivillige på kurset og er no klare for å besøke dei som måtte ønske seg ein besøksven!

Ingvild Spinn Skaarseth frå Innlandet Røde Kors heldt eit interessant og lærerikt kurs. Ho la vekt på at dette er eit tilbud ved sidan av dei lovpålagte oppgåvene til kommunen. Ho kom med mange gode råd og tips om kva dei frivillige bør tenkje gjennom og ta stilling til. Fleire var frampå med både spørsmål og gode refleksjonar, og det vart diskutert ulike situasjonar som kan oppstå.

Grindaheim Røde Kors besøksteneste, Vang kommune og Vang frivilligsentral skreiv i starten av oktober ein samarbeidsavtale om besøksventenesta. No har me mange folk frå heile Vang som er kursa og klare til å vere besøksven!

Har du lyst på besøk?? Berre ta kontakt med oss, så prøver me finne ein som kan passe for akkurat deg.

Vellykka Frivilligmarknad



Frivilligmarknaden 9. november vart ein triveleg dag med mykje aktivitet og mange fine møter mellom menneske! Over 200 personar var innom, over 20 lag stod på stand, og vi fikk song og musikk frå både kor, korps og Glådansen. Tusen takk til dei frivillige laga som er med og arrangerer dette! Og tusen takk til Vang læringscenter som lagde og serverte deilig suppe og nydelege kaker! Som del av språk- og arbeidstreninga fikk ein av elevane oppgåva med å ta bilete og skrive om arrangementet. Oksana har vore journalist i Ukraina i mange år, og skreiv denne teksten for oss:



«Frivilligmarknaden samla mange flotte folk lørdag 9. november i Vangshallen. Frivillige fortalte om sitt spennende arbeid, medlemmer av ulike organisasjoner viste sine ferdigheter, andre mennesker som kom for å se og bli kjent med hverandre hadde det hyggelig.

Gå tur sammen eller strikk sokker, syng i kor eller kunne yte førstehjelp, lære utlendinger nynorsk eller spille bridge sammen. Frivilligmarknaden bød på dette og mye mer.



Anne-Guri Wahlquist Søndrol, lærer på barneskolen og aktiv i Vang mållag, forteller hvor viktig nynorsk er for nordmenn og hvorfor det bør utvikles og spres. Derfor er det viktig å lære utlendinger å snakke nynorsk i nynorske kommuner. Dette vil hjelpe dem å integrere seg bedre i det norske samfunnet, finne arbeid og hjelpe barna med leksene i norsk skole.

Erlend Haaverstad, leder Vang Turlag,



forteller at fellesturer samler mennesker og fremmer kjærlighet og omsorg for naturen. Alle kan bli med på en vandring i regi av Vang Turlag. Og hvis det blir mange slike turer, kan deltakeren vinne en gave, fordi det opptjenes spesielle poeng for hver tur.

De som var sultne kunne smake på de fantastiske muffinsene, kakene eller borsj (ukrainsk suppe) tilberedt av elevene ved læringscenteret i Vang. Veronika Perkova hadde laget kakene og muffinsene. De er ikke bare velsmakende, men også veldig vakre, som ekte kunstverk. Hun sier hun liker når folk er mette og fornøyde. Alle som prøvde de søte rettene hennes ble definitivt det!

Antallet frivillige og frivillige organisasjoner rundt om i verden øker stadig. Frivillige aktiviteter gir deltakerne en forbindelse med andre mennesker som deler de samme verdiene. Man kan ha det hyggelig sammen, være nyttig, få nye bekjenskaper, utvikle seg, være en del av et stort team med likesinnede. Årets frivilligmarknad ga deg muligheten til å bli kjent med de frivillige lagene sine aktiviteter og bli med hvis du føler for det.»

Barnebokbad og besøk av Anders Totland



Så flinke elever vi har og så moro vi hadde det med Anders Totland på besøk! 6. klasse bokbada Anders etter å ha lese boka Gunnars rekordbok i haust. Elevane i 5. og 7. var invitert som publikum og dei har også lese boka som førebuing.

Kvelden den 18. november var Anders hjå oss og underheldt ein gjeng med vaksne med historier frå og om bøkene om Jacob Juul. Ikkje berre skriv Anders godt, han både spelar og syng også!



Juleverkstad

Laurdagane i advent og dagane i romjula inviterer vi til juleverkstad og brettspel av ymse slag. Enkel traktering med kaffi, gløgg og pepperkaker til alle som kjem innom desse dagane.

Opningstider i jula

Biblioteket

21., 23., 27. og 30. desember:
Ope kl. 10 - 14

BUA

19. desember: langope kl. 15 - 17
23. desember – 1. januar: stengt

Frivilligsentralen

23. desember – 1. januar: stengt
Vanlege opningstider frå 2. januar

Helsing Frivilligsentralen og Biblioteket



Årets dåpsbarn



Høre sokn 27.12.23 Brudeparet Silje Hjellemarken Helland og Kristian Finsveen med dåpsbarnet Knut Ole Hjellemarken Finsveen



St. Tomaskyrkja 31.03.24 Annette Anker Flaten og Aslak Bøygard med Astrid Aslaksdotter Flaten



St. Tomaskyrkja 31.03.24 Camilla Hasle og Vegard Eltun med Selma Eltun



Høre stavkyrkje 12.05.24 Marte Fagernæs og Sindre Moen med Even Fagernæs Moen



Øye stavkyrkje 23.06.24 Erik Wahlquist Søndrol. Foreldre er Anne-Guri Wahlquist Søndrol og Haakon Møller Wahlquist



Høre stavkyrkje 08.09.24 Elida Tørstad Bergli. Foreldre er Linnea Haugland Tørstad og Jon Erik Bergli



Øye kyrkje 01.09.24 Nina Wetteland Melås og Ola Martin Grøv med Bjørg Grøv



Heensåsen 06.10.24 Fillip Granlund Eriksen. Foreldre er Viktoria Granlund og Joachim Nerland Eriksen



Heensåsen 06.10.24 Rakel Bjonnes og Kristian Kilen Leine med Mathias Bjonnes Leine



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkryset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Grave- og Transport- service AS	95 87 90 04
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	VangiValdres taxi	46 30 46 30
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Maskin AS	91 10 19 28
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Rør	99 52 22 22
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Øko-Nils	97 11 01 20
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Montér Kvismo	61 36 81 85		
Pelssau	99 71 43 18		



*Slekters
gang*

Heensåsen sokn:

Døpt:

06.10: Phillip Granlund Eriksen
06.10: Mathias Bjønnes Leine
06.10: Tomine Bjønnes

Død:

23.10: Tomas Arvid Hillestad
03:11: Inger Bråthen Havro

Kondolanseskort

Kondolanseskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger ´n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolanseskort

Kondolanseskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



Høre sokneråd informerer

- Sondag 22. desember kl. 19 kan du kome i julestemning når Høre manns-kor syng jula inn i Høre stavkyrkje.
- 4. januar kl. 12 blir det juletreffest for små og store på samfunnshuset i Høre. Inntekta frå bingokveldane skal brukast til å lage ein flott juletreffest. Vi håper å kunne gjere juletreffesten gratis for alle som vil kome. Meir informasjon kjem på facebook-sida til Kyrkja i Vang, plakatar rundt om eller du kan spørje soknerådet.
- Vi har allereie lagt planar for etterjuls-vinteren: 18. februar blir det årsmøte, onsdag 19. februar skal vi teste ut kvardagsmesse med middagsserverting (og dermed påmelding), 7. mars blir det kyrkjebingo etter markering av Kvinnenes internasjonale bøndag og 6. april skal vi ut og gå ein tur saman etter gudstenesta.
- Dersom nokon har lyst til å ha stølsmesse i Høre sokn til sommaren att, høyrer vi gjerne frå dei. Viss ikkje spør vi nokon direkte utpå våren.

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
14. MARS

Gudstenesteliste

Søndag 22. desember – 4. s. i advent
Høre Stavkyrkje kl. 19:00
 Vi syng og spelar jula inn saman med
 Høre mannskor

Måndag 23. desember
Vangsheimen kl. 13:00
 Julegudsteneste v/vikarprest Eklund

Tirsdag 24. desember – julaftan

- **Høre Stavkyrkje kl. 11:00**
 Gudsteneste v/vikarprest Weisser
- **Heensåsen kyrkje kl 13:00**
 Gudsteneste v/vikarprest Weisser
- **Øye kyrkje kl. 15:00**
 Gudsteneste v/vikarprest Weisser

Onsdag 25. desember – 1. juledag
Vang kyrkje kl. 12:00
 Høgtidsgudsteneste v/vikarprest Eklund.
 Dåp. Vangskoret deltek

Tirsdag 31. desember – nyttårsaftan
Vang kyrkje kl. 17:00
 Gudsteneste

Søndag 5. jan. – Kristi openberringsdag
Heensåsen kyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Onsdag 8. januar – Morgonsong
Vang kyrkje kl 10:30

Torsdag 9. januar
Vangsheimen kl 13:00 Andakt

Onsdag 15. januar
Kulturstøga i Øye kl 19:00
 Kvardagsmesse, kveldsmat og årsmøte

Søndag 19. jan. – 3. s. i openberringstida
Høre stavkyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Søndag 26. jan. – 4. s. i openberringstida
Vang kyrkje kl 19:00
 Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland

Torsdag 6. februar – Samefolkets dag
Tyinkryset fjellstove kl 19:00
 Feiring og gudsteneste v/sokneprest
 Laugaland. Bidos frå kl 17:00

Onsdag 12. februar – Morgonsong
Vang kyrkje kl 10:30

Torsdag 13. februar
Vangsheimen kl 13:00 Andakt

Søndag 16. februar – Sámannssøndag
Heensåsen kyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Onsdag 19. februar
Høre samfunnshus kl 18:00
 Middag og kvardagsmesse. Påmelding

Søndag 23. feb. – Kristi forklåringsdag
Vang kyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Søndag 2. mars – Fastelavnssøndag
Heensåsen kyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Onsdag 5. mars – Askeonsdag
Vang kyrkje kl 19:00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

Fredag 7. mars
Høre stavkyrkje kl 19:00
 Kvinnenes internasjonale bønnedag.
 Bingo i etterkant av messa

Søndag 9. mars – 1. søndag i fastetida
St. Tomaskyrkja kl 12:00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland
 og konfirmantane

Torsdag 13. mars
Vangsheimen kl 13:00 Andakt

Søndag 23. mars – Maria bodskapsdag
Vang kyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Søndag 30. mars – 3. søndag i fastetida
Heensåsen kyrkje kl 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland

Onsdag 2. april – Morgonsong
Vang kyrkje kl 10:30

Torsdag 3. april
Vangsheimen kl 13:00 Andakt

Søndag 6. april – 4. søndag i fastetida
Høre stavkyrkje kl 11:00
 Gudsteneste og gåtur

Søndag 13. april – Palmesøndag
Haukåsen kl 13:00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

Med atterhald om moglege endringar

Montér®

Kvismo

- har sponset utgivelsen av denne utgaven av

VANG MENIGHETSBLAD